

Vasslekkasjen på Eikelandet er utbetra.

15.08.2018



Vasslekkasjen på Eikelandet er utbetra og abonnentane har fått vatnet tilbake.

Vasslekkasjen på Eikelandet er utbetra og dei tre abonnentane, som var omfatta av skaden, har fått vatnet tilbake. Vasslekkasjen var både på ein gamal og ein ny ledning. Det var dermed lekkasje på to ledningar på same plassen. Into Røyr med gravar frå Kvinnherad Maskin har utbetra skaden i dag.

Det var måndag leiinga i Uskedal Vassverk oppdaga og registrerte lekkasjen. Heile 13 liter pr. sekund gjekk ut. Det er det doble av heile forbruket på ein normal dag i vassverket sitt leveringsområde. Lekkasjen vart lokalisert til Eikelandet mellom Eikebrua og Eikelandet Brygge.

Skaden kan ha utvikla seg over tid. Ein lekkasje på ein gamal ledning har danna trykk og gjort til at det vart lekkasje på ein ny ledning som låg i same grøft. Dermed var det lekkasje på to ledningar. Det nye ledningsnettet er frå 2014 då Eikelandet Brygge vart bygd. Ingen av husstandane i Eikelandet Brygge var omfatta av lekkasjen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal